
Vår referanse 2020/49965-17
Dato 05.10.2020

FYLKESMANNEN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Presisering av klagemoment - Gnr 1 bnr 80 og 285 - Alver kommune

Syner til vedtak om dispensasjon til klagevurdering - gnr 1 og 1/80 og 285 Flatøy, av 17.09.2020.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg vil med dette påpeike at vilkår tre i vedtak fatta 02.09.2020 av utval for areal, plan og miljø (APM), oversendt 17.09.2020, har vore forsøkt innfridd utan at verken Alver kommune eller Vestland fylkeskommune har kunna innfridd vilkåret.

I brev datert 10.07.2020 frå Alver kommune, *Førespurnad om Vestland Fylkeskommune vil oppretthalde klage på bruksendring*, skriv kommunen at dei ikkje har heimel til å inngå avtale om parkering og at dei difor ikkje kan inngå slik avtale.

Tiltakshavar v/Jens Bjordal kjem i brev av 17.07.2020 med forslag til løysing kor han skisserar at Vestland Fylkeskommune og/eller Statens vegvesen skal stille parkeringsplassar til disposisjon i anleggsperioda, som ein kompensasjon for at gnr. 1 bnr. 285 vert delvis nytta som anlegg- og riggområde i same periode.

I brev av 12.08.2020, *Klage vert oppretthalden*, svarar vi (VLFK) følgande:

«Vestland fylkeskommune har ikkje anledning til å yte kompensasjon ved å stille offentlege parkeringsplassar tiltenkt innfartsparkering eller anna kollektivformål til disposisjon for private næringsdrivande. I tillegg til dei openberre ulempene dette medfører ved å beslaglegga p-plassar som er eit ledd i å minka bilbruken og legge til rette for auka andel kollektiv, kan presedensverknaden bli uheldig. Dette vart også presisert i vilkåra for å trekkje klaga.»

Vi kan ikkje sjå korleis tiltakshavar kan innfri vilkåret på annan måte, og er bekymra for at tiltaket i realiteten skal få eit forløp som medfører parkering langs fylkesveg og på offentlege p-plassar tiltenkt innfartsparkering. Dersom vedtaket vert opprettheldt og tiltaket kjem i gang er vi redde for at det i anleggsperiodar for nytt kollektivknutepunkt og innfartsparkering ikkje vil bli etablert nye parkeringsplassar i tilknytning til tiltaket og at ingen vil handheve vilkåret sett i vedtaket.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Vedlegg

1 Klage vert oppretthalden

Kopi til:

ALVER
KOMMUNE

Postboks 4